

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

Juni 2021

Årgang 87 år



Takk!

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiar/ass. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjeverje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusoppplæring

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Sigbjørn Sundfjord

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Hans Einar Markhus
Toril Hjartåker Hauge

Ein levande Gud

«Det finns ein levande Gud. Han har talt gjennom Bibelen. Han meiner det han seier, og vil gjere alt det han har lova». Sitatet er fra James Hudson Taylor, den store kinamisjonæren. Eg kunne sagt det samme!

I ei tid der mykje er i forandring og sanningar vert relative er det noko som står fast gjennom alle tider. Gud er ikkje avhengig av skiftande tider og tanker. Ikkje det at han ikkje følger med i tida. Det gjer han så absolutt og han kjem heilt sikkert til å få siste ord. Han var her lenge før vi trådte inn på den historiske arena og han kjem til å være her etter at vi er borte. «Gud er Gud om alle land lå øde, Gud er Gud om alle mann var døde» syng vi i salmen.

Og alt han har lova vil han gjera! Bibelen er full av lovnader. Mange av dei er så store at vi har vanskeleg for å ta dei til oss. For eksempel Salme 55.22: «Kast di bør på Herren, han vil sørgja for deg! Han lét aldri den rettferdige vakla.» Eller når Jesus seier i Matteus 11,28: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!»

Etter å ha levd eit år, og vel så det, i pandemi, er det mange som kjenner på slitasje og mørke tankar. Det er nettopp då desse lovnadsorda får verdi. Enten er det sant. Eller så er det berre tomt snakk. Einaste måten å finne det ut på er å handle. Kast di bør på Herren! Kom inn til Jesus!

Ja, korleis gjer vi det? Når Gud gjer noko viktig for oss, gjer han det samtidig enkelt for oss. Det at vi er skapt i hans bilde betyr at vi kan kommunisera med han. Legg fram for Gud alt du har på hjarte. Det er ingenting som overraskar han, det er ingenting han ikkje allerede veit. Men det er viktig at vi set ord på det. Bøn kaller vi det. Å vera ærlig ovanfor Gud. Sett deg gjerne ned med ein bibel på fanget og leit etter lovnader. Og vit: det er Gud som har sagt det, og han meiner det han seier!



Sokneprest
Einar Ekerhovd

Restaurering av dåpsfat

Då nye Fusa kyrkje vart innvigd i 1962 var det nytt kyrkjesølv på plass. Mellom anna var det eit nytt dåpsfat med innskrifta «Kjære Jesus du som sagde at til deg skal borni gå». Dette dåpsfatet var det jenteforeininga på Fusa som samla inn pengar til i tida fram til kyrkja stod ferdig.

Fatet har gjennom dei nesten 60 åra som har gått fått nokre skavankar og bulkar, og ein har nyleg fått gjennomført reparasjonar av dette.

Fusa sokneråd vil få takka Eikelandsfjorden sanitetslag for å ha støtta



denne restaurasjonen med kr. 3000,-. Dåpsfatet framstår no i flott stand – Gud til ære og fusingar til gavn.

Alle aktivitetar i kyrkja sin regi er prega av pandemien. Det kan difor på kort varsel bli endringar i Fusa sokn sitt planlagde program også i tida som kjem. Følg med i lokal-avisa og på Facebook for oppdateringar og evt. endringar.





Takk Endre!

Sidan 2015 har Endre Tveit vore ein viktig del av arbeidsfellesskapet i Fusa sokn. I denne tida har han vore ungdomsarbeidar, trusopplæringsmedarbeidar, konsulent og «potet» for oss alle, både deltid og fulltid, både i vikariat og i fast stilling. Endre har med dette opparbeida seg brei kompetanse i organisasjonen vår, noko me har nytta svært godt av.

No har Endre valgt å sei opp stillinga si hos oss for å halda fram med studier. Dette er me leie for, med samstundes ynskjer me Endre lukke til med vidare studiar og evt. ny jobb. Ein stor takk til Endre for jobben han har gjort i den tida han har vore tilsett i Fusa sokn. Guds signing over veggen vidare!

Fusakalenderen for 2022

skal ha temaet «Vinter i Fusa».

Kanskje tok du nokre flotte vinterbilete i vinter som var? Eller du har eit eller fleire frå tidlegare vintrar liggjande?

Send dei gjerne til oss på post.fusa@kyrkja.no og bli med i konkurransen om å pryda Fusakalenderen for 2022. Bileta må vera av god oppløysing og helst ha liggjande retning. **Frist for innsending av bidrag i år er 1. okt.**



Naturoppleving på Vinnesleiro

Fredag 19. mars var friluftsgruppa NOAH samla på Vinnesleiro for å gå naturstien. Vinnes Friskule har laga til ei fin løype med plakatar om ulike fuglar ein kan møte på, og spørsmål knytt til fuglelivet. 7 ungdomar møtte opp denne litt ruskete kvelden. Dei vart delt i to grupper før dei vandra gjennom naturreservatet. Ungdomane svara på spørsmåla dei hadde fått utdelt, og snakka om fuglar dei såg på turen. Fasiten på spørsmåla var å finne på det ytterste neset i reservatet. Det synt seg at begge gruppene hadde svara rett på alle spørsmåla. Etter ein liten beinstrekk bar det innover langs med sjøkanten mot Bjørnafjorden. Her fyrte dei opp bål med turr og god ved som var medbrakt. Det vart grilla pølser, fanga småkrabbar, og halde andakt i skumringa før tilbaketuren til parkeringsplassen.

NOAH har klart å gjennomføre ein del samlingar dette semesteret, trass i korona-utfordringar.

Forutan turen til Vinnesleiro har dei hatt isfisking og spikkekveld. Det er også planlagt fjelltur før sommarferien set inn. Bål med pølsegripping og ein kort andakt høyrer med på alle klubbkveldar. Takk til alle deltakarar for fine kveldar og takk til flinke og trufaste leiarar!



Hartvig Haugen/
Hans Einar Markhus

Ungdomane har fått fyr på bålet og kosar seg med grilla pølser. Foto: Hartvig Haugen



Songbuketten på Nordtveit har også kunna samlast ein og annan gongen midt i pandemien. Ein herleg gjeng som i utgangspunktet samlast annakvar mandag i Nordtveit bedehus til leik, song, lesestund/andakt, snacks og kos. Foto: Norunn Rød Markhus



Og så står det att

å TAKKE.....

Kalenderen viser april – 21, og eg kan sjå tilbake på om lag 23 år som kyrkjeverje i Fusa og assisterande kyrkjeverje i Bjørnafjorden i overkant av eitt år. No er det tid for å takke for meg. I alle desse åra har eg kjent meg privilegert som har fått jobbe med noko som eg har interesse for; kyrkjer, gravplassar, kyrkjeblad, skape liv rundt diakoni, misjon, gudstenester, arbeid med barn og ungdom, samarbeid med andre kring ulike aktivitetar.

Det som kanskje har løfta meg mest er alle dei gode møta med medarbeidarar og enkeltmenneske. Positive, kreative og ivrige etter å gjere ein forskjell i kyrkje og samfunn. Jobben har på mange måtar vore ein livsstil. Sjølv sagt har det også vore utfordringar og tøffe tak. Det skulle berre mangle – slik er både livet og arbeidslivet, men aller mest kjenner eg glede over den tilliten eg har vore vist i desse åra – og også glede over det vi i fellesskap har fått til.

Dugnadar og frivillige

Kjenner meg berørt når eg tenkjer på alle frivillige som har stilt opp gjennom alle desse åra. Ikkje alle kyrkjeverjer kan vise til mellom hundre og to hundre uløna medarbeidarar som til ei kvar tid er villige til å ta eit tak på ulike område. Menneske har engasjert seg i dugnadar i kyrkjer og på gravplassar, frivillige som klokkarar og kyrkjevartar ved gudstenestene, sjåførar til gudstenester, leiarar i barne- og ungdomsarbeidet, i diakoni, i misjonsengasjement, dei som har hjulpet til på kjøkkenet mange kveldar, alle som har vore med i utval og



Ein trufast dugnadsgjeng på Hjartnes. Foto: Astrid Heidal.

i kyrkjebladet. Stor TAKK til deg som har stilt opp – i kort eller lang periode - det har vore til oppmuntring år etter år.

Fleire gongar har eg også opplevd at lag og organisasjonar har tatt initiativ sjølv til å gjere ein innsats eller dei har stilt opp på førespurnad. Det har handla om arbeidsinnsats, økonomisk støtte til ulike lokale tiltak i kyrkjene, på gravplassane eller i høve arbeid med barn, unge eller andre føremål. Takk til alle som har vore, og som er, faste gjevarar til barne- og ungdomsarbeidet – og til deg som gir ei gåve ved ein del høve – anten til barne- og ungdomsarbeidet, til kyrkjebladet, arbeidet med brannskadde born, misjonsprosjektet eller andre føremål. Vit at slike gåver er oppmuntrande for oss som til dagleg utøver det praktiske arbeidet ved kyrkjekontoret – og desse gåvene er med og driv arbeidet vårt vidare.

Sokneråd og soknerådsleiarar

Eg har fått samarbeide med sju forskjellige sokneråd, og opplevd engasjement i alle periodane. Takk til dykk alle for kreative innspel og positiv deltaking. Ein særskilt takk til leiarane i desse periodane, som eg har hatt eit spesielt nært forhold til gjennom arbeidet som kyrkjeverje.

Fusa kommune og Bjørnafjorden kommune

Takk til Fusa kommune gjennom mange år med samarbeid, og siste år Bjørnafjorden kommune. Utfordringar har det vore mange av, men eg har nesten alltid opplevd positiv velvilje og hjelp til å finne løysingar når vi har sett oss rundt bordet og drøfta aktuelle tema.

Denne takken går både til administrasjon og politikarar – til alle som har bidrege til å finne gode og smarte løysingar. Det har mang ein gong vore





Den store dugnadsinnsatsen på kyrkjegardane og i kyrkjene gjennom mange år har vore gull verd både for kyrkja og for lokalsamfunnet.

Foto: Harald Geir Sæther

oppmuntrande å arbeide saman med dykk.

Næringsliv

Eg har alle desse åra også opplevd eit næringsliv som har vore positive og velvillige til å støtte det kyrkjelege arbeidet – om det gjeld orgel eller kyrkjetekstilar, støtte til annonsar i kyrkjeblad eller til konsertar – støtte til arbeid blant barn og ungdom, diakoni og anna. Takk for at de med midlar gir oss større rom til å legge til rette for å vere kyrkje for små og store. Uendeleg verdfullt både med tanke på notid og framtid.

Tilsette

Dei som har stått meg aller nærast i arbeidet mitt er alle tilsette; staben, kyrkjetenarar, og kyrkjegardsarbeidarar. Gjennom 24 år har eg opplevd å bli løfta fram av medarbeidarane. TAKK til dykk alle! Vi har SAMAN

prøvd å leggje tilhøva best mogleg til rette for alle som vi møter – om det er i glede eller sorg – eller i den vanlege kvardagen.

Du og eg er ein ressurs også i framtida

Lat oss ta godt vare på alle våre gode tilsette. Dei gjer ein viktig jobb for at kyrkja skal kunne ta i mot deg og oss alle til gudsteneste, dåp, vigsel og gravferd, og at born, unge og andre skal kunne møtast i gode og sunne fellesskap. Så kan ikkje dei tilsette åleine vere **kyrkje** i Fusa/ Bjørnafjorden. Kvar av oss – barn, unge, vaksne og eldre kan bidra med det vi er gode på. Du og eg er viktige byggjesteinar i det som skal vere det kyrkjelege fellesskapet i vår grend/vår kommune. Saman utfyller vi kvarandre – saman kan vi gjere kyrkja til ein god plass å høyre til. Eg ser fram til vidare samarbeid med dykk – om du er løna eller



Foto: Astrid Heidal


frivillig medarbeidar, men no i mi nye rolle som pensjonist og frivillig! TAKK for gode år. Lykke til på vegen vidare til kvar og ein.

Harald Geir



24 år i teneste for Gud og Fusingar

- HARALD GEIR SITT KYRKJEVERJELIV I BILETE -



Harald Geir første dag på jobb som kyrkjeverje i Fusa i mars 1997.



Ein sprø mann: Den leikne Harald Geir.



Bibelmaraton: Primus motor for Bibelmaraton i Fusa. Her med den eldste Bibelen i Fusa.



Same plass: Harald Geir har sete på same plassen i 24 år. Datamaskina er blitt litt nyare og Harald Geir har blitt litt eldre, men stilen er upåklageleg og engasjementet er stort!



Høvdingen: Stort engasjement for misjon og Etiopia. Her som «høvding» i Sør-Etiopia, i lag med m.a. Victoria Tverli Dale og Dr. Einar Eriksen.



I sitt ess: Harald Geir i sitt ess som leiar og drivkraft for noko han brenn for. Her TV-aksjonen for Kirkens Nødhjelp.



Radarpar! Harald Geir og Grete holdt fortet saman på kyrkjekontoret i mange år.



Hit eit steg og dit eit steg: Walk and Run (and have fun!)



**Biskopen og Æ: Sjef i Bjørgvin
Biskop Halvor Nordhaug og sjef i
Fusa Harald Geir.**



**Open heim hos Margun og Harald Geir, her med biskop og
deler av soknerådet.**



**Alltid på tur! Denne gongen på
kyrkjelydstur til Finnmark.
Overrekking av tretønne
medbrakt frå Fusa.**



Alltid eit møte å halda og leia.



**Leiing: Lokale leiarar; kyrkjeverje
Harald Geir og prost Margrethe.**



**Framtida: Susande
inn i framtida med
Margun ved si side.**



Fedrelandssalmen, utgått på dato?

Kvar søndag morgon set eg radioen på NRK P1 like før klokka 7. Då lyder denne salmen enno i min Radionette, som den har gjort i årevis. Det er fin tradisjon å starte søndagen slik. Også, viss me får lov å feira 17. mai, så er Fedrelandssalmen med oss, enno.

Men kva tyder salmen? Språket er jo ganske gamalmødig, bileta som vert brukt er ikkje dagens. Elias Blix skreiv den i åra 1890-91, så i år er den 130 år gamal. Eg vil prøve å forklare språket og nokre av metaforane (=bildeuttrykk) i salmen.

*Gud signe vaart dyre Fedraland
Og lat det som Hagen bløma!
Lat lysa din Fred fraa Fjell til Strand
Og Vetter fyr Vaarsol røma!
Lat Folket som Brøder saman bu,
Som Kristne det kann seg søma!*

Forfattaren vil at landet vårt, fedrelandet, dvs. Norge; skal bløma som hagen! Det er vakkert bilde, det kan me ta bokstaveleg, for då tenkjer me på ein grøn og fargerik hage om våren. Og at Gud skal velsigne denne hagen, det er ei sterk og god bøn. Også at Guds fred skal lysa overalt, det treng me!

Vetter betyr vinter, det er eit strekt yn-skje om at vinteren skal røme bort og vårsola overta. Så er det bøn om at me skal leve saman i harmoni, som brødre, ((og heilt sikkert søstre) fordi det sømer seg (passer seg) kristne å leve i fred og ikkje i strid.

*Vaart Heimland i Myrker lenge laag,
Og Vankunna Ljoset gøynde.
Men Gud, du i Naade til oss saag,
Din Kjærleik oss ikkje gløynde:
Du sende ditt Ord til Norigs Fjell,
Og Ljos yver Landet strøynde.*

Heimlandet vårt, Norge, låg lenge i mørkret. Det er nok den mørke vikingtid, middelalder, svartedaude og dei fattige som streva i dette karrige landet. Og vankunna, dvs mangel på kunnskap skugga for lyset, dvs den kristne budskapen. Men Gud såg i nåde til oss, han hadde medkjensle, og hans kjærleik gløynde oss ikkje. Gud sende sitt Ord til landet, og lyset flomma over det. Som ein søndags morgon i mai klokka sju!



*Og Norig det ligg vel langt i Nord,
Og Vetteren varer lenge;
Men Ljoset og Livet i ditt Ord
Det ingen kann setja Stenge.
Um Fjellet er høgt og Dalen trong,
Ditt Ord heve daa sitt Gjenge.*

Noreg ligg langt mot nord, og vinteren varer lenge, særleg i Nordland der forfattaren kom frå. Men lyset og livet i Guds ord kan ingen stenge ute. For om fjellet er høgt og dalen trong, så finn Guds ord fram likevel.

*So blømde vaart Land i Ljos og Fred,
Det grodde saa grønt i Lider,
Men atter seig Natt paa Landet ned
Med Trældom og tunge Tider.
Og Folket det sukka etter Ljos,
Og du lyste upp umsider.*

Så kom ein periode der landet vårt blømde i lys og fred, og liene vart grøne og vakre. Men så kom ein epoke med natt og mørke, det må vere dansketida, der me låg under dansk kommando og slaveri (trældom). Folket sukka etter lys, og etterkvart, omsider, så lyste du Gud opp landet.

*Og Morgonen rann, og Myrkret kvarv,
Som lenge vaar Lukka skygde,*

*Du atter oss gav vaar Fridoms Arv
Og honom i Trengsla trygde.
Du verna vaart Folk og gav oss Fred,
Og Landet med Log me bygde.*

Morgonen kom, og mørket forsvant (kvarv), det mørket som kasta skygge for lykka vår. Kor lang var denne morgonen? I alle fall over fleire år. Du gav oss igjen vår fridom (1814), og tok vare på den igjennom trange tider (trengsla). Du passa på folket vårt og gav oss fred, og me bygde opp att landet med lov. Det som eingang var nesten anarki, lovause tilstander, vart no eit meir moderne samfunn.

*Vil Gud ikkje vera Bygningsmann,
Me faafengt paa Huset byggja.
Vil Gud ikkje verja By og Land,
Kann Vaktmann oss ikkje tryggja.
So vakta oss, Gud, so me kann bu
I Heimen med Fred og Hyggja!*

Denne strofa er sterkt inspirert frå Salmane i Bibelen. Vil Gud ikkje vere bygningsmann, så byggjer me på huset for-gjeves (fåfengt). Huset er nok landet, også her. Vil Gud ikkje verne oss (forsvare by og land), så kan vaktmenn, dvs soldatar ikkje gjere oss trygge. Så kjem bøna om at Gud må passe på oss slik at me kan bu i heimen med fred og hyggje, dvs utan



strid oss i mellom. Denne bønna trengst meir enn nokongang.

*No er det i Norig atter Dag
Med Vaarsol og Song i Skogen.
Um Sædet enn gror paa ymist Lag,
Det brydder daa etter Plogen.
So signe daa Gud det gode Saad,
Til Groren ein Gong er mogen!*

No er det igjen dag med vårsol og fuglesang. Det kan me lese bokstaveleg som me syng det på ein vakker 17. mai, eller også at det er ei ny tid med ny optimisme. (Åra rundt 1890) Sædet beyr såkorn, så her er forfattere ein bonde som

sår korn i åkeren i mai, men det spirer så ymist, dvs ulikt, så forskjellig. Dette er frå ei likning om såmannen i Bibelen som Jesus fortalde. At det «brydder etter plogen» då ser han ein bonde som pløyer optimistisk, jorda blir snudd for at det gode kornet skal vinne over ugras. Til slutt kjem bønna om at Gud skal velsigne den gode såd (dei gode vekstane) til hausten (groren, grøda) ein gong er moden. Det kan me lesa bokstaveleg, men aller helst eit teikn på menneskelivet, som mot hausten går mot slutten. I alt er salmen metta med innhald, der landet og enkeltmenneske omsorgsfullt vert tenke med i bønene.

For nokre år sidan diskuterte NRK om å kutte salmen søndag morgon. Rett nok er berre tre strofer med der, og i ei meir moderne skråkdrakt enn her, men det er heilt greit. Må NRK finne fram salmen kvar søndag så lenge eg lyttar, det er mi bøn.

Salmen er ein veldig viktig del av Norsk kulturarv, den bør ha plass i skulen, i bevissteita til oppveksande slekt og til våre nye landsmenn. Lat oss be om at det skjer!

Ole Bjørn Eikeland



Redaktørens utfordring: I juni nummeret av kyrkjebladet blir Harald Geir i fokus. Me skulle hatt ei artig historie om han som me kan ha i «Smilekroken». Ei sann historie, eller i alle fall ei som kunne ha vore sann.....
Sant eller usant?

Innsendt av Ole Bjørn Eikeland

I Kyrkjebladet likar ein best å vera påliteleg, eller etterretteleg som det heiter. Ein vil jo gjerne vera den lokale Pravda, som betyr «Sanning».

1946

Nei,nei, Harald Geir er ikkje så gamal! Nei, dette er hans personlege rekord opp Eikelandsbakken. To kilometer bratt opp på denne tida, 19 min 46 sek, det er ikkje mange som kan matche, ialle fall ikkje for menneske fødd før 1960. Prøv gjerne! Men me som kjenner han, veit at han har eigen evne til å gå i kjellaren, meir enn det som sunt er. Så også denne gangen, hausten 2020. Me får håpe han ikkje vil prøve å fikse på denne personlege bestetida.



Men så, ein annan eigenskap ved han, økonomi! Der er han også unik. Han har eigen sparegris heime, og på den puttar han myntar når det høver, Mange Bekker Små er motto her.

Så kom endeleg dagen grisen skulle slaktas. Under over alle under, der var 1946 kr på grisen! Sånt skulle ikkje vere mogeleg. Harald Geir drøfta saka, som alltid, med sin bedre halvdel, kva gjer vi med 1946 kr? Gje i kollekt? Spare til barnebarn? Kjøpe aksjar? Bedre middag i Bergen?

Nei, då kom ideen på ein serviett: Viss du sparer 12 kr til, så har du fødselsåret ditt! 1958!

Høyr: Det einaste fjellet i Noreg som er nøyaktig 1958 m høgt er Uraknatten i Luster kommune i Sogn og Fjordane. Vi lagar ei kronerulling for Etiopia! Alle som besøker Uraknatten må betale 200 kr til Soknet, dvs til Etiopia. Det blir nesten som ein bomstasjon der oppe. Mine 1958 kr er startkapital, over tid kan det bli høge summer av dette! Vi går altså ikkje i kjellaren, men derimot på toptur! Det må bli suksess!

Seier Harald Geir, alltid ukueleg optimist



Vår takk til dykk

Vi vil seia takk, frå djupt i våre hjarta. Etter 7 nydelege år i Eikelandsosen er det no tid for å takke for oss. Takk for vennskap! Takk for kjærleik, gjestfridom, fellesskap, latter og tårer. Vi er takksame for alle dei fine dagane vi har fått saman med dykk og vil minnast dykk med glede. Vi samanfatar tida i Eikelandsosen med LIV. Alt har si tid og no startar eit nytt kapittel. Vi flyttar til Lycksele i Sverige i slutten av juli, for å leve nær familien. Herren signe deg og vare deg i dag og i all æve. Guds fred til deg og dine.

Med kjærleik

John, Petra, Natanael, Sally, Florence og Constantin Dahlstrøm



«De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byr dykk: De skal elska kvarandre!».
Joh. 15,16-17.

Takk Stefan!

6. april avslutta Stefan André Svendsen vikariatet sitt som trusopplæringsleiar i Fusa sokn. Stefan kom inn som eit flott nordlys i Norunn si permisjonstid og har fått sett sitt avtrykk i kyrkjelyden hos oss. Sjølv om pandemien har lagt ein dempar på mykje av aktiviteten siste året, har Stefan på kreative måtar fått vore med å finne løysingar. Me vil i lang tid hugse den utrulege innsatsen han la ned for brannskadde barn i Etiopia når han sprang «Walk and Run» åleine, ein og ein halv maraton 6.juni i fjor, og samla inn meir enn 300 000,- kr. Mange av dei yngste vil nok òg sakna Professor Proff sine eksperiment når Stefan no har starta i nytt arbeid i Åsane, men kanskje dukkar både Stefan og professoren opp igjen ein eller annan gong?

Me vil i alle fall takke Stefan for innsatsen i Fusa sokn og ynskje han Guds signing i arbeid og liv!




DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

 GODKJENT FOR ANSVAR
Sentralgodkjent rørleggerfirma



Konfirmantar i Fusa sokn våren 2021

Pandemien førte til ei oppdeling av konfirmasjonane i år. 13 av konfirmantane i 2021-kullet valde å konfirmera seg no i mai, medan dei resterande 36 skal ha konfirmasjon til hausten.



Hålandsdal kyrkje 1.mai: Hallvard Markhus og Aleksander Lorentz Ditmarsen. Foto: Oline Markhus.



Fusa kyrkje 8.mai: Inga Linnea Riise Engevik, Joakim Rødseth Berge og Benjamin Samnøy. Foto: Torhild Samnøy.



Fusa kyrkje 8.mai: Melissa Skar, Elias Boge Eriksen, Yngve Kolle og Hedda-Mathilde Næss. Foto: Anne Boge Eriksen.



Hålandsdal kyrkje 1.mai: Sander Holmefjord og Jonas Håland. Foto: Bjørg Helen Håland.



Sundvor kyrkje 9.mai: Frida Gjerdevik Tveit og Sebastian Høviskeland Revne. Foto: Camilla Gjerdevik Tveit.

Konfirmant 2021-2022?

Me på kyrkjekontoret er i gang med planlegginga av konfirmantåret 2021-2022. Me håpar at Covid19 ikkje får så stor innverknad på neste års konfirmantopplegg som den har fått for dei siste to kulla. Alle døypte 8. klassingar og andre 8. klassingar som ynskjer det vil få (eller har fått) informasjon om dette i posten. Ta elles kontakt med oss på kyrkjekontoret viss du har spørsmål kring dette.

Velkommen til konfirmantåret 2021-2022!



REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET
OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

Vi er til hjelp
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slektning eller
venn har
gått bort.
Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelpe deg!

*En verdig og
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelktro.no
www.solheimelktro.no





Tønnegarden



Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.  



Tombre

www.tombre.no

SPAR 

Eikelandssosen

Opningstid **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

*Fusa og
Samnanger*

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma
Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no

 **Hordaland A/S**
Rørteknikk 

 56 58 09 90  hordalandrorteknikk.no

 post@hrt.as  Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.



STRANDVIK

Transport og Maskin AS

* 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592



Eide

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund
Tlf. 97 59 24 88
E-post: post@nhstrykk.no
Alt i trykksaker

SPAR

Fusa

Man-fre **8-21**
Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**
E-post: firmapost@alfhjelle.no



Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. **56 58 13 10**
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



Det aller kjekkaste er møte med menneske

Harald Geir Sæther er ute av kontoret sitt i Fjord'n Senter i Eikelandssosen. I 24 år har Fusa-folk teke kontakt med han om det meste som gjeld kyrkjegang, dåp, konfirmasjonar, bryllup og gravferder. Han har hatt innsikt og oversikt og svara på spørsmål og ordna opp i tallause saker og tiltak som har med kyrkjelivet å gjera - for ung og for gammal. Og kjekkaste av det alt saman er møte med menneske, seier han.

Tekst og foto: Astrid Heidal

AFP, som frisk, sterk 63åring - i desse tider når myndighetene vil ha folk i jobb lenge, gjerne til 70 eller 75år. Kvifor bli pensjonist no?

Det er eit val eg har gjort. Eg har hatt leiarstillingar i 36 år, først 12 år som helse- og sosialsjef og rådmann i Solund kommune, og til no, 24 år som kyrkjevevjerje i Fusa. Det held, det. Valet mitt har fleire grunnar. Både kona mi, Margunn, og eg miste fedrene våre då me var unge. No ser me stor verdi i å bli pensjonistar i lag. Me ynskjer oss nokre gode år saman.

Så har eg vore prosjektleiar for samsamslåing av Os og Fusa til Bjørnafjorden fellesråd. No er det kome i system. For meg er det uaktuelt å bli med inn i det nye fellesrådet. Der må yngre folk sleppa til. Me har fått inn unge, dyktige leiarar og medarbeidarar. Då er det ei grei tid for meg til å trekkja meg. Eg vil heller bidra som frivillig der det trengst, enn å bli ein "sjuende far i huset".

I åra som kyrkjevevjerje har du vore primus motor for mange tiltak og ordningar i vår lokale kyrkje. Døme på det er "Fusamodellen" der sokneråda ved kvar kyrkje blei slått saman til



Så varm, så dyktig. Så knakande god. Me kjem til å sakna deg no.

Roald Samnøy

Eg er glad i kona mi for den ho er.

eitt. Frivilligsentralen, kyrkjegardsvedtekter, misjonsprosjekt, kyrkjelydsturar, vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar og mykje, mykje meir. Korleis er det å sleppa taket i desse "borna" som du har hatt slik omsorg for?

Eg har gjort dette valet. Tida er inne. Eg håpar framleis å få glede av, og å få gle meg med nokon av desse "borna", men då som frivillig. Det er utruleg kjekt med alt me har fått til. Men det hadde aldri gått utan alle dei hundrevis av frivillige saman med dei tilsette.

Du er ein veldig målbevisst person, har orden og system..

Eg liker tal, system, arkiv og budsjett!

Eg var med på å laga ny arkivnøkkel for Den Norske Kyrkja på 2000-talet. Då reiste eg rundt i landet og heldt kurs i arkivbruk. Det var veldig kjekt. Men budsjett er best! Budsjett er høgtid, seier han og ler! Men no er den tida over. Bjørnafjorden fellesråd skal innarbeida digitalarkiv. Det må andre ta seg av.

Du får til det du set deg føre. Det er imponerende og ganske utruleg at du har greidd å skaffa prosjektmidlar til tallause tiltak. Med konstruktive kontaktar på alle nivå frå kommune til departement og der tiltaksmidlar er å finna. Likevel undrar me oss - korleis er det mogleg?

Eg likar å få ting til. Eg har vore veldig privilegert. Det er eit samspel på mange plan. Det gjeld å tenkje saman og løfte kvarandre. Og undervegs hugse på at det ikkje er så viktig å ha rett, men å gjera rett.

Elles vil ikkje Harald Geir snakka så mykje om den unike evna han har til å oppretta kontaktar, skaffa økonomiske midlar, skapa entusiasme, arrangera dugnader og få ting gjort. - Eg har alltid gledd meg når nokon har lukkast, seier han.

Og det er veldig kjekt når eg tek feil og at andre lukkast med ting som eg har vore skeptisk til. Eit døme er Bruktbuo. Den hadde eg ikkje mykje tru på. Men bruktbuotikken er blitt ein ti år gammal suksess. Eit anna døme er frå oppussinga i Sundvor kyrkje, der lokale frivillige og fargekonsulentane ville ta tilbake den opphavslege golvfargen. Det trudde eg ville bli stygt. Men du så fint som det blei! Det er så stort! Og det er så stort å sjå at medarbeidarar lukkast. Og at dei veks og utviklar seg!

Du var i utgangspunktet ei kyrkjeverje utan særleg misjonsengasjement?

Det stemmer nok det. Misjonsinteressa mi vakna på ein tur til London for 10-12 år sidan. På ein "Evensong" i Westminster Abbey hevda ein kvinneleg prest at ordet misjon er på veg til å bli eit fy-ord. Er det verkeleg det, tenkte eg. Så eg las meg opp og blei veldig imponert over det internasjonale diakonale, sosiale og humanitære arbeidet misjonærene har gjort, før og no. Då blei elden tent.

Engasjementet slo ut i svære misjonsprosjekt som nok hadde nokre røter i Fusa frå før. Kyrkjeverja og soknerådet tok tak og fekk med seg kyrkjelydane i bygdene. I tiåret som er gått, har betydeleg økonomisk støtte gått til studentar og elevar på Tabor i Etiopia. Dei har fått kyrkjeleg utdanning til teneste på heimlassane sine. Entusiasmen for dr. Einar Eriksen sitt arbeid for brannskadde born i Etio-



Team Sæther: Margunn har godkjent det, seier han. Og let henne halda på..

pia har også vore veldig kjekt å arbeida med. Det starta i Bruktbuo. Så det er vi, ikkje eg, presiserer Harald Geir. Ingen kunne fått til det enorme engasjementet åleine. Men når eg tok kontakt og også Fusa kommune og næringslivet let seg riva med, er det med stor respekt og takksemnd me summerer store gåvekontoar.

Dette leier opp til ein prat om kyrkjelydsturar som kanskje få har sett maken til? Men utan kyrkjeverja vår, ingen slike turar...

Kan hende det – nokon må "halda i og dra i trådane". Det var så kjekt med alle dei som ville vera med ut i det ukjente. Opplevingane på dei tre turane til Etiopia, møte med studentar og personale på Tabor, møte med pasientar og medarbeidarar til dr. Eriksen og kyrkjelydar innan Mekane Jesus-kyrkja er sterke minne for livet! I tillegg til kulturopplevingar i kø og møte med menneske der.

Kyrkjelydsturen til Finnmark var også ei stor oppleving, der prost Arild Hellesøy tok Fusa-gjengen med på tur Finnmarksvidda rundt. Der hadde han vore prest i 20 år. Litt innsyn i kyrkjeliv og levemåte i Sameland var veldig kjekt.

Er det noko du angrar på eller skulle gjort annleis?

Nokre gonger har mitt møte med menneske ikkje vore godt nok..Av og til har eg fått kritikk. Då har det vore viktig for meg å tenkja gjennom om kritikken er rett. Nokre gonger kom han med rette, andre gonger ikkje. Som leiar er det viktig å tenkja gjennom den kritikken ein får.

Ingen kan alt. Kva er dine svake sider?

Eg er ikkje praktisk anlagt. Det kom tydeleg til syne då eg skulle beisa huset vårt og stigen og eg deiste i bakken. Då blei det blåmerke og knuste tenner. Mest er eg takknemleg for at eg overlevde! Margunn er nok den mest praktiske heime. Men eg er god til å steike vaflar og trekkja kaffi. Eit pensjonistønske er å bli betre på kjøkkenet! Då eg var ung, var eg heimhjelp i Oslo. Det var veldig nyttig! Då lærte eg mykje kommunikasjon med menneske.

I godt lag har me sett at du er ein ganske leiken, sprelsk og ein romantisk fyr?

Det er kjekt å finna på artige ting i godt lag. Humor og leik er viktig! Ein gammal prest sa til meg ein gong at "Du leiker deg gjennom livet, du". Og



eg er glad i kona mi og kan vel vera i det romantiske hjørnet. Men me to er veldig ulike – ulikskap som har sveisa oss saman. Me har oppmuntra, beundra og støtta kvarandre. Eg beundrer kona mi for den ho er!

Når me nemner ekteparet som “Team Sæther” nikker han godkjennande til påstanden om at Margunn meir enn ein gong har “godkjent” tiltaka hans - og sprell når dei nærmar seg eit grenseland. Men også når dei er av det meir høgtidelege slaget...

Harald Geir har hatt fem høgtider i kalenderåret: Jul, påske, pinse, budsjettarbeid og molteplukking på myrane ved Femunden

Kva er så stort med Leeds og London? Og med reiser som folk flest ville vegra seg for?

Eg er jo ein fotballfan og Leeds-supporter. Difor er det veldig moro å dra på årleg fotballtur til England. Tolv gonger har det blitt. Kvart år har Øyvind Nordbø vore med. Nokre gonger fleire i reiselaget. Og turane er så mykje meir enn fotball! Det er t. d. å oppleve kultur, musicals, parkurar og fellesskap.

Og andre reiser. Kva kan vel vera betre enn å oppleve Sovjetunionen på Den Transibirske jernbanen - sjøve reisa, landskapet og folket? Det var eit eventyr! Eller å sjå korleis korleis Tsjernobyl i Ukraina ser ut etter det store radioaktive utbrotet.. Litt av ein tankevekker!

Så møter folk deg gjerne i fullt firsprang opp mot Vetlevardehaugen eller oppover trappene til Stoltzen?

For nokre år sidan fekk eg meg ein skikkeleg støkk. På veg opp ei trapp med 15 trinn fekk eg skikkeleg melkesyre i beina og tung pust. Eg var på randa til noko som kunne bli eit alvorleg hjarteproses. Då måtte eg ta nokre personlege grep, la om kosthaldet og begynte å trenast. Eg gjekkned 20 kilo. Første gongen eg gjekkn

opp Stoltzen i Bergen var eg så sliten at eg sa “Aldri meir”. Margunn kom trippande etter og sa, Dette var kjekt, dette skal vi også gjere neste år! Så blei det eit mål å koma seg i form til å gå Stoltzen - og til å halda seg i form. Her kjem Vetlevardehaugen inn i bildet som ei god treningsløype. Eg tel minutt og sekund for å fylgja med på eiga utvikling. Etter ein alvorleg helse-trøkk fekk eg ny kropp. Gulrota er å forbedra tida på Stoltzen opp. Så har det vore moro å dra med seg kyrkjelyden i dette løpet. Ein gong var me 25 personar. Det er så kjekt! Det må berre opplevast!

Det har vore fint å ha ein administrator i kyrkja vår med ei trygg kristentru...

Mi tru på budskapet om Jesus Kristus har vore med meg frå barndommen. Eg diskuterer ikkje teologi. Mi kristentru er enkel. Eg ser Jesus stå med opne, velsignande armar på gode dagar og på leie dagar. Han seier: Kom som du er! Jesus er her alltid. I mi enkle tru dukker igjen orda til den gamle presten opp “Du leiker deg gjennom livet, du”.

Kva skal du gjera no - frå 110% jobb til null på ein dag?

Dette har to sider. Eg ser veldig fram til den nye epoken i livet. Men kva går eg eigentleg til? Det lurar eg på.. Eg har jo hatt verdens kjekkaste jobb. Den har vore ein livsstil og ei gåve! Eg kjem til å sakne alle dei menneska eg har jobba saman med! Frå kontorstolen min har eg hatt utsikt til døra då eg i periodar er den som har tatt i mot folk. Og det gleder meg når kontoret er mykje besøkt.

Men no ser eg fram til å bli frivillig. Eg skal få lov til å gå inn og ut av kyrkjekontoret på Fjord'n Senter når det passer meg. Som frivillig skal eg rydda i arkivet som har vore brukt sidan 1997. Det er ein svær sorteringsjobb som vil ta lang tid. Det vil nok hjelpa på i overgangen.

Du har allereie øvd deg på frivillige oppgaver?



Mi enkle tru er at Jesus står med opne armar på gode dagar og på leie dagar og seier Kom som du er, seier Harald Geir - slik som på altartavla i Sundvor kyrkje.

Det kan nokre gonger vera vanskeleg å skilje mellom arbeid og frivillighet. Men eg har absolutt vore frivillig – som gudstenesteleiar, kyrkjeverv og andre stadar der kyrkjelyden opplever at det kan vere nyttig å ha meg. Også på andre område har eg vore, og er frivillig. Det er både lærerikt og kjekt – og har ofte i seg møte med menneske! Eg håpar å kunne bidra med frivillig arbeid også i framtida.

Kva gler du, bestefar, deg mest til?

Det spørsmålet har Harald Geir tydeleg vis ikkje tenkt så mykje på. Men etter nokre sekund kjem svaret. - Rett og slett å ha meir overskudd til å vera bestefar, seier han. Det er tre små i Trondheim som ventar på besteforeldra. Når jobben var ein livsstil, måtte ein rydda plass til familien. Det blir fint å få noko meir tid å vera saman med tre vaksne born, to svigerborn, tre barnebarn og øvrig familie. Så har me jo hytta, “Litjhaugen”, ved Femunden. Den er me glade i. Det er ei enkel hytte, ein fristad utanfor alle hyttebyar. Draumen er å koma dit utan tidspress. Tenk å sleppa å tenkja helg – at ein må tilbake til jobb på måndag! Og så moltemyrane - koma seg ut på moltemyrane der, det er høgtid! Det har vore den femte høgtida i året!





Dei siste par åra har Harald Geir hatt mykje ansvar for samansmeltinga av kyrkjestrurane på Os og Fusa til Bjørnafjorden. Her frå ei markering av avslutta teneste med staben på Os. Foto: Linda Ekerhovd



Hopp i fjorden! Harald Geir er kjend for å ikkje spara seg når det gjeld å skaffa pengar til gode føremål, noko dette bilete frå «Hopp i fjorden med Liv Grete» til inntekt for TV-aksjonen syner. Me satsar på at engasjementet held seg, sjølv i pensjonisttilværet!



Harald Geir har blitt takka av i mange fora den siste perioden; I staben i Fusa, i staben på Os, i Fellesrådet, i Soknerådet, m.m. Har får han blomehelsing frå Fusa sokneråd vlleiar Sigbjørn Sundfjord. Foto: Hans Einar Markhus

joker
STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER

SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsoen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspole
- inn- og utvendig ernæring


TA VARE PÅ HELSA DI !
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169
SIGNE GANGSTØ
E-post: famgang@fusi.no
www.signeg.goherbalife.com/nn-no



BARNESIDA

Sauen har gått seg bort!
Hjelp gjetaren å finna vegen til sauen.



Her er ein kveldssong som de kan lære i familien. Bruk melodien til «Fager kveldsol smiler»

1. Det er trygt å være
Jesu lille lam.
Han vil lammet bære,
jeg er trygg hos han.

2. Det er godt å være
med blant alle dem,
som han trygt vil bære
inn i himlens hjem.

VITSAR



Espen hadde vore i kyrkja saman med mor si. Då dei som heim, var han veldig alvorleg.

– Kva tenkjer du på, Espen? spurde mora.

– Er det sant det presten sa, at vi vert til støv når vi døyr?

– Ja, det er sant, svarta mora.

– Kvifor lurar du på det?

– Då trur eg det ligg ein død mann under senga.

Jakob såg på TV- kampen mellom Real Madrid og Barcelona då mamma ropte.

– Jakob, no må du gå å leggje deg. Hugs å be kveldsbøn.

– Men mamma, eg kan jo ikkje forstyrre Jesus midt under fotball-kampen.

FINN 5 FEIL



BANANIS

Ingrediensar til 4 porsjoner:

- 2 stk modne bananer, delt i to
- 4 stk ispinningar (eller 3 grillspyd per is)
- 100 gram sjokolade
- 1 boks kakestrø/hakka nøtter

Slik gjer du:

1. Skrell bananane og tre dei på ispinningar/grillspyd. Legg dei i ein boks natta over.

2. Smelt sjokolade (lys eller mørk) i en bolle over vassbad (spør ein vaksen). La han kjølna litt.

3. Ta bananane ut av frysen og dypp dei i sjokoladen. Rull dei i strøssel på eit Brett.

4. La sjokolade stivne og et dei som ein is 😊



GOD SOMMARTIL ALLE SMÅ OG STORE!!



Gudstenester i Fusa sokn

30.05.2021 - 12.09.2021

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Mai				
30.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssundagen
Juni				
06.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i treeiningstida
13.06.	11:00	Eikelandsosen	Familiemix	3. søndag i treeiningstida
20.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i treeiningstida
20.06.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	4. søndag i treeiningstida
27.06.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	5. søndag i treeiningstida
Juli				
04.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	6. søndag i treeiningstida
11.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	7. søndag i treeiningstida
18.07.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	8. søndag i treeiningstida
25.07.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	9. søndag i treeiningstida
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Olsokgudsteneste	Olsok
August				
08.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	11. søndag i treeiningstida
15.08.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	12. søndag i treeiningstida
22.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	13. søndag i treeiningstida
22.08.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	13. søndag i treeiningstida
28.08.		Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudstenester	Laur. e. 13. s. i treeiningstida
29.08.		Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudstenester	Vingardssundagen
September				
04.09.		Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudstenester	Laur. e. vingardssundagen
05.09.	11:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	15. søndag i treeiningstida
05.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	15. søndag i treeiningstida
12.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
19.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida
19.09.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå **KYRKJEBØKENE**



Gravferd

Strandvik kyrkje

19.03.2021 Lillian Leth Vindenes, f. 14.08.1948

06.05.2021 Hjørdis Margrethe Vik, f. 04.03.1943

Fusa kyrkje

24.03.2021 Marit Pauline Opsal, f. 20.01.1931

28.04.2021 Randi Baartvedt, f. 31.05.1950

12.05.2021 Jenny Kolle, f. 09.07.1927

Sævareid kapell

08.04.2021 Åsta Sævareid, f. 03.08.1936



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen



Frå leiar til frivillig

Akkurat dei timane me trengde det, braut skydekket opp og sola skein på alle fusingane som hadde møtt tarrikt opp på friluftsgudstenesta på Vinnesholmen 2.pinsedag. Alle ville syna ei stor takk til Harald Geir Sæther for hans 24 år lange teneste for Gud og fusingar. 30. april vart statusen hans i Fusa sokn endra frå leiar til frivillig medarbeidar. Sjølv markeringa i denne gudstenesta vart halden hemmeleg for Harald Geir sjølv, og på uttrykket hans å dømme lukkast kyrkjelyden med nettopp det. Harald Geir fekk overrekket gåve frå fellesråd og kyrkjelyd; eit bestillingsmaleri med utgangspunkt i salme 23 «Herren er min hyrde». Motivet er vald ut frå at Harald Geir i samband med bibelmarton i 2016 var primus motor for å kára fusingane sitt favorittbibelvers, nettopp Salme 23. Måleriet er måla av (utflytt) strandviking Kristine Husum Kvåle. I tillegg fekk han ei bok med personlege helsingar frå meir enn 60 personar i Fusa som han har samarbeidd tett med i si tid som kyrkjeverje. Etter gudstenesta venta det ferske kringler frå Fru Aarviks vesle bakeri, is, kaffi og saft til heile kyrkjelyden. Det vart ei flott gudsteneste og ei flott markering av Harald Geir sin overgang frå leiar til frivillig.